

Byggeriet møter sommaren med ny kai.

10.04.2015



Finn Guddal, her på den nye kaien, kan sjå fram mot ein travel sommar.

Det nærmar seg toppsesong i byggevarebransjen, og i den samanhengen er Byggeriet, Uskedal Trelastlager AS betre rusta enn nokon gong. I desse dagar er dei i ferd med å gjera ferdig den nye kaien ved anlegget på Vikjo. Arbeidet er gjort i løpet av dei 3 - 4 siste månadene.

Dagleg leiar Finn Guddal er svært fornøgd med at dei snart er i mål med arbeidet.

- Hovudhensikten med utvidinga var å få utvida uteområdet mellom anna med tanke på lagring. Med den nye betongplata er dette i alle fall utvida med 50% og det skal verta veldig godt med meir omrørmingsplass, seier han. I tillegg til denne arealaugen kjem så trekaien utanfor.

Dessutan er tilgangen frå sjøen blitt mykje betre. Det er svært gledeleg for kundar som kjem sjøvegen, og i sommarhalvåret er det mange av desse blant hyttefolket på Skorpo.

- Flytekaien skal gjerast endå betre. Det skjer med det første, legg den daglege leiaren til.

Grunnarbeidet med prosjektet er utført av Brødrene Musland Maskin medan Byggeriet sine eigne tilsette har gjort snikkararbeidet.

Elles kan han fortelja om gledeleg god aktivitet, og av den grunn har dei nyleg tilsett 2 nye medarbeidarar. Byggeriet er også svært glad for alle dei positive tilbakemeldingane dei har fått, etter at dei gjorde om butikken oppe ved hovudvegen. Det er blitt ein svært fin butikk, og det har kundane verkeleg lagt merke til.

- Vi ser fram til ein aktiv sesong, og trur på ein svært travel sommar, avsluttar dagleg leiar Finn Guddal ved Byggeriet Uskedal Trelastlager AS.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland